

Ungdata – trivsel i skule på bakgrunn av sosioøkonomisk status

Kontaktinfo:

May Helen Norevik

Tlf.: 988 99 995

Bachelorstudent i sosiologi- og ungdomssosiologi ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal

Innhold

Ungdata – trivsel i skule	1
Innleiing	2
Hypotese.....	2
Bakgrunn.....	2
Problemstilling	2
Omgrep	3
Trivsel	3
Skoletrivsel	3
Sosioøkonomisk.....	3
Teori.....	3
Pierre Bourdieu – kapitalformar.....	3
Basil Bernstein – sosial bakgrunn.....	4
Paul Willis – Learning to Labour	5
Andy Furlong – Resultat frå Storbritannia	6
Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell	6
Erik Erikson sine psykososiale stadium.....	7
Data.....	8
Spørsmål som omfattar økonomisk kapital.....	8
Spørsmål som omfattar kulturell kapital	10
Drøfting av data.....	11
Kapitalformar i datamaterialet	11
Sosioøkonomisk bakgrunn mot trivsel	12
Korleis forhindre mistrivsel i skule?	13
Oppsummering og konklusjon	14
Merknadar.....	15
Litteraturliste:	15

Innleiing

Hypotese

Høg sosioøkonomisk status har betydning for om ungdom har høg trivsel i skulen.

Bakgrunn

Denne artikkelen tek utgangspunkt i resultat frå spørjeundersøkinga frå Ungdata 2021.¹ Formålet med undersøkinga er å få ei innsikt i korleis unge i Noreg eigentleg har det. Hensikta ved å sjå nærare på ungdom sin trivsel i skule er å finne ut kva faktorar som er med å påverke trivsel, og vidare finne eventuelle tiltak for å førebyggje fråfall.

Problemstilling

Hovudmålet til lærarar og foreldre ved skulen, er at elevane skal trivast og lukkast. Likevel kjem det stadig fram på ulike statistikkar at det ikkje er tilfelle for alle.

Dersom ein søker på «*mistrivsel i skole*» på Google, kjem det over 170 000 resultat. Nokre resultat på dette søket legg vekt på mobbing, korleis trivsel i skulen er fordelt blant kjønna. Ein annan faktor som er interessant å sjå på vil vere den sosioøkonomiske bakgrunnen til foreldra. Har den sosioøkonomiske statusen til foreldra noko å seie for om ungdom trivast i skulen?

Ettersom at det er barna til foreldra som svarar på Ungdata-undersøkinga som resultatata vert henta ut i frå, lukar vi vekk svara frå 8-10 klasse, og rettar fokus meir mot vidaregåande elevar. Bakgrunn for dette valet, er at ungdom som går på vidaregåande gjerne har meir innsikt i den sosiale- og økonomiske bakgrunnen til foreldra, enn kva ein ungdomsskuleelev har.

¹ Datamaterialet er basert på ei ungdataundersøking, gjennomført av NOVA i samarbeid med dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus). Ungdata er finansiert over statsbudsjettet gjennom tilskot frå Helsedirektoratet. NOVA er ikkje ansvarleg for analysar eller tolkingar av resultatata.

Omgrep

Trivsel

Trivsel byggjer på den subjektive opplevinga av «å føle seg vel», og å ha «eit godt liv». Ei rekkje andre omgrep kan også nyttast til å forklare denne tilstanden; livskvalitet, velvære, lykke og meistring. Når det kjem til undersøkinga av trivsel i skulen, er det omgrepet «skoletrivsel» som blir mest sentralt å ta i bruk. Trivsel kan knytast til situasjonar for å finne seg til rette, utvikling, behag og framgang.

Skoletrivsel

Dette omgrepet byggjer på at eleven føler seg inkludert i det psykososiale miljøet i skulen, grad av tilpassing i skulemiljøet, samt eleven sin glede og den generelle vurderinga av egne erfaringar på skulen. Unge brukar mykje av tida si på skulen, og den vert sett på som ein av dei viktigaste livsarenaene i denne perioden. Trivsel i skolen vil dermed vere ein sentral komponent av den totale trivselsopplevinga i sitt eige liv.

Sosioøkonomisk

Eit faguttrykk som impliserer at noko har å gjere med både sosial forhold og økonomiske forhold, eller at det er knytt til samspelet mellom det sosiale og det økonomiske. Kan brukast til å sjå på samanhengar som sosioøkonomisk status, og sosioøkonomisk ulikheit.

Samling av utdanning, inntekt og yrke er variablar som utgjer den sosioøkonomiske statusen (Tjernshaugen & Tjora, 2019).

Teori

Pierre Bourdieu – kapitalformar

Dersom ein ser på dei tre kapitalformane til Bourdieu; sosial, økonomisk og kulturell, kan ein få innsikt i kor ressurssterk bakgrunn unge elevar har. Særleg den kulturelle kapitalen har vore vesentleg når det kjem til å sjå på korleis unge meistrar skulen. Kulturell kapital byggjer på eigenskapar og ferdigheiter som kan gje deg lettare tilgang til høgare utdanning, prestisjefylte miljø samt attraktive posisjonar på arbeidsmarknaden. Det å vekse opp med høgt utdanna foreldre, kan føre til at ein dannar seg kulturelle ferdigheiter som kan gjere det enklare å få gode karakterar på skulen.

Dersom vi ser på den sosiale kapitalen til foreldra, får vi innsikt i kor stor tilgang ein har til kontaktar og sosiale nettverk, som vidare kan hjelpe ein med mobilisering får å oppnå det du ynskjer i viktige situasjonar.


Til slutt finn vi den økonomiske kapitalen, som byggjer på kor økonomisk ressurssterk ein er. Bourdieu meiner at dette er den viktigaste kapitalforma, ettersom at det er den som i aller størst grad avgjer plasseringa di i samfunnshierarkiet.

Omgrepet om habitus kan knytast til desse kapitalformane. Habitus er den innlærde måten å tenkje og handle på, altså eit integrert system. Dette kan vidare påverke den sosiale mobiliteten ein har. Dersom vi knyt det til kapitalformane, kan dette medføre at dersom ein sjølv er vaksen opp med foreldre med høg utdanning, vil dette vere noko du sjølv verdset og tenkjer du kan gjennomføre. Eit slikt syn kan seiest å ha trua på at vi i størst grad vert forma av dei sosiale strukturane vi er ein del av.

Basil Bernstein – sosial bakgrunn

Etter å ha sett på dei ulike kapitalformane, vil det vere interessant å sjå på Basil Bernstein og hans syn på korleis sosial klasse kan påverke skule og utdanning. Synspunktet hans dreidde seg om at barn som var frå ein middelklasse familie, hadde tendens til å nytte seg av "utarbeidande» kodar der meininga vert kommunisert effektivt til dei som manglar «inside» kunnskap. Barn i arbeidarklassen derimot, nytta seg av «avgrensa» kode, der effektiv kommunikasjon er avhengig av ein felles betyding. Ein slik avgrensa kode kan fungere effektivt i lukka lokalsamfunn som t.d. familie eller gruppe.

Korleis dette utspelte seg vart illustrert med at ei gruppe barn vart vist ein teikneserie som viser ei gruppe med gutar som speler fotball på gata. Ein av gutane sparkar fotballen og knusar eit husvindaug, som fører til at ein av bebruarane i huset roper på gutane. Denne teikneserien vert presentert med to sett verbale beskrivingar av sekvensen av den utspelte hendinga.



Forklaring 1	Forklaring 2
<p>They're playing football and he kicks it and it goes through there.</p> <p>It breaks the window and they're looking at it and he comes out and shouts at them because they've broken it.</p> <p>So they run away and then she looks out and she tells them off.</p>	<p>Three boys are playing football and one boy kicks the ball and it goes through the window.</p> <p>The ball breaks the window and the boys are looking at it and a man comes out and shouts at them because they've broken the window.</p> <p>So they run away and then a lady looks out of her window and she tells the boys off.</p>

Den fyrste forklaringa representerer ein avgrensa kode, der betydingane berre er klare dersom lesaren har tilgang til dei teikningane som vert beskriven. Den andre representerer den utarbeidande koden, som gjer ei klar og tydeleg tolking til lesaren, uavhengig om ein har tilgang til teikneserien eller ikkje. Dette synar korleis den sosiale klassen kan påverke barn og unge på skulen og deira ferdigheiter der.

Paul Willis – Learning to Labour

For å få innsikt i korleis foreldre sin bakgrunn kan påverke barn og unge, vil det vere interessant å sjå på Paul Willis og hans bok «*Learning to Labour*». Dette er ein casestudie av arbeidarklasse gutar beskrivne som «the lads», og om deira

motstand mot skulekulturen og veg inn i arbeidslivet som ufaglærde arbeidarar. Willis hevda at gutar som kom frå lågare arbeidarklassefamiliar avviste skulebaserte verdiar, grunna dei ofte verdsett manuell arbeidskraft over mentalt arbeid. «The lads» hadde ikkje ynskje om å gå i mellomklassejobbar, men ville heller vise sin maskulinitet gjennom den manuelle arbeidskraft og fullt engasjement i ein arbeidarklassekultur og livsstil. Vidare bidrog desse gutane til ein reproduksjon av foreldre sin jobb.

I mange vestlege land vil dagens ungdom vekse opp i ein periode der yrkesstrukturen endrar seg enormt, og ein opplev aukande sosial mobilitet. Unge menneske som bur i fattige lokalsamfunn derimot, har ikkje noko rollemodell til å demonstrere samanhengen mellom utdanningsnivå og livsstil. Dette kan vidare medføre ein tanke om lite tillit til akademisk tilbod. Det kjem òg fram at i lågare arbeidarklassar, vert det gjerne ikkje sett på som kult å vere smart, noko som resulterer i at fordelane med å bryte men vennegjengen sin for å t.d. ta ein høgare utdanning, må vere tydelege (Aagre, 2014).

Andy Furlong – Resultat frå Storbritannia

Dersom vi drar den sosiale klassen tilbake til Ungdata undersøkinga, og hypotesen om at sosioøkonomisk status bidreg til mistrivsel i skulen, kan vi sjå på eit resultat frå Storbritannia. Der syner ein at unge frå mindre velståande familiar ofte er mindre interesserte i å stå i gjeld, og er motvillige til å ta ut studielån for å skulle finansiere studia sine, som vidare kunne resultert i ein jobb dei kunne tenkje seg. Dette viste at unge som kom frå fattige familiar, ofte tok val av utdanning på bakgrunn av kostnaden. Vidare kan dette resultere i at unge frå slike familiar vel studie som er mindre prestisjefylte, kortare studium og studieretningar med sterke faglege orienteringar (Furlong, 2012).

Dette er ikkje ein forklaring på hypotesen, men visar til vidare val som kan bli teken av unge som veks opp i ein familie med låg sosioøkonomisk bakgrunn.

Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell

Ettersom at ungdomar er i ein fase som i stor del byggjer på utvikling, kan det vere interessant å nemne den utviklingsøkologiske modellen til Urie Bronfenbrenner.

Denne modellen er fordelt i fire ulike systemnivå; mikro-, meso-, ekso- og makronivået.

Mikronivået er den inste sirkelen, og består av dei situasjonar der ein er i direkte kontakt med andre menneske, ting eller symbol. I desse situasjonane føretekk samspelet seg gjerne ansikt til ansikt, og i samvær av familien og vener. Store deler av samhandlinga hender hjå primærsosialiseringa før den etter kvart vert sentral hjå sekundærsosialiseringa. Innafor mikronivået er det tre sosialiseringfaktorar som er sentrale; aktivitetar, relasjonar og roller.

Aktivitet byggjer på kva oppgåver eleven får halde på med, samt korleis arbeidsoppgåvene vert verdsett av medelevar, andre samt eleven sjølv.

Den andre sosialiseringfaktoren byggjer på kven oppgåvene utførast saman med, og om relasjonen gjer ein god eller låg status.

Siste faktoren er roller. Her må ein sjå på betydinga eleven vert gjeven i konteksten – får ein rollestatus som leiar eller berre underdanig?.

Desse faktorane byggjer på kva status og verdsettjing eleven får i konteksten sin. Som lærar er det ein viktig del av arbeidet å ha oversikt over kva aktivitetar, relasjonar og roller eleven utviklar seg.

Erik Erikson sine psykososiale stadium

For å forstå litt av kva som hender i livet til unge i skulen, kan det vere interessant å sjå på Erik Erikson sine åtte psykososiale stadium. Dette er ein av dei mest kjende teoriane for å forstå både barn og vaksne sin utviklingspsykologi. Her gjer han greie for utviklinga av personlegdommen til menneske, frå fødsel til alderdom som han deler opp i åtte trinn. I kvart av desse trinna er det behov og kriser som er sentrale. Erikson var sjølv mest interessert i den sosio-emosjonelle utviklinga hos mennesket, der han då studerte den emosjonelle og sosiale utviklinga til barn, i samspel med den sosiale utviklinga.

Fase nummer fem omhandlar ungdomstida, og menneske kan her anten byggje seg opp identitet eller bli utsett for rolleforvirring. I denne perioden skjer det store endringar og utfordringar, ettersom at både omgjevnadane og den unge sjølv forventar at ein skal lausrive seg frå foreldra sine og ta eit større ansvar for sitt eige liv. Her må den unge finne ut kven han er, kva han står for og kunne

akseptere seg sjølv for å få det godt. I denne perioden vil både oppgaver og ansvar auke, og det er då viktig at dei aukar i takt som ungdomen både modnast og utviklar seg. For å få ein positiv identitetsutvikling, vil det vere sentralt at den unge opplev positive tilbakemeldingar, samt ros frå omgjevnadane. Dersom dette ikkje er tilfelle, og krava og forventningane vert for store for utviklingsnivået og biletet den unge har av seg sjølv, kan dette medføre rolleforvirring og identitetsproblem.

I denne perioden oppstår autonomi-avhengigheita. Unge søker etter å bli uavhengige av foreldra sine og i staden fordjupe seg i sitt eige sosiale miljø der vennskap er viktig. I denne perioden er det dei jamaldra som tilfredsstillar behovet for gyldigheit og aksept. Perioden er eit forsøk på å passe inn i samfunnet, der sosial interaksjon og vennskap har stor betydning.

Data

Spørsmål som omfattar økonomisk kapital

Har familien din hatt god eller dårlig råd/økonomi de siste to årene?	Jeg trives på skolen				Total	Total
	Helt enig	Litt enig	Litt ueni	Helt ueni		
Vi har hatt god råd h	61.77	29.86	6.58	1.79	100.00	5,924
Vi har stort sett hat	48.82	40.08	8.54	2.56	100.00	4,179
Vi har verken hatt go	38.86	43.55	12.48	5.11	100.00	1,899
Vi har stort sett hat	29.06	41.87	21.92	7.14	100.00	406
Vi har hatt dårlig rå	35.94	29.69	9.38	25.00	100.00	128
Total	52.66	35.73	8.66	2.96	100.00	12,536

Tabell 1.1

Denne kryssinga ser på den økonomiske bakgrunnen til familien. Dersom vi ser heilt på ytterpunktene, ser vi at dei som har ein økonomisk stabil bakgrunn, i hovudsak trivast betre på skulen. Hjå dei som har hatt dårleg råd dei siste åra ser vi eit samsvar med at dei i mindre grad trivast i skulen.

Hvor mange ganger har du reist et sted på ferie med familien din i løpet av det	Jeg trives på skolen				Total	Total
	Helt enig	Litt enig	Litt ueni	Helt ueni		
Ingen ganger	45.53	38.49	11.34	4.64	100.00	3,923
Én gang	51.67	36.97	8.58	2.78	100.00	3,451
To ganger	53.92	36.48	7.99	1.61	100.00	2,053
Mer enn to ganger	61.05	30.85	6.05	2.05	100.00	3,173
Total	52.48	35.83	8.71	2.98	100.00	12,600

Tabell 1.2

Denne tabellen tek utgangspunkt i familieferie dei siste åra. Resultatet viser at dei som har reist på ferie fleire gongar, har høgare trivsel enn dei som ikkje har reist på ferie dei siste åra. Dette kan linkast tilbake til førre tabell som omhandlar god/dårleg økonomisk råd.

Har du eget soverom?	Jeg trives på skolen				Total	Total
	Helt enig	Litt enig	Litt ueni	Helt ueni		
Ja	52.77	35.77	8.63	2.83	100.00	12,397
Nei	40.46	39.31	10.31	9.92	100.00	262
Total	52.52	35.84	8.67	2.98	100.00	12,659

Tabell 1.3

Tabellen tek føre seg samanhengen mellom trivsel i skulen og eige soverom heime. Vi ser at dei som svarar at dei har eige soverom har høgare trivsel enn dei som deler soverom.

Har familien din bil?	Jeg trives på skolen				Total	Total
	Helt enig	Litt enig	Litt ueni	Helt ueni		
Nei	39.28	38.07	12.05	10.60	100.00	415
Ja, én	49.61	37.71	9.11	3.58	100.00	2,965
Ja, to eller flere	54.07	35.10	8.38	2.44	100.00	9,295
Total	52.54	35.81	8.67	2.97	100.00	12,675

Tabell 1.4

Her kan vi sjå at ungdom som rapporterer at familien har to eller fleire bilar har overvekt hjå gruppa som trivast best på skulen, og større grad av mistrivsel hjå ungdom som ikkje har nokre bilar.

Hvor mange datamaskin er eller nettbrett har familien din?	Jeg trives på skolen				Total	Total
	Helt enig	Litt enig	Litt ueni	Helt ueni		
Ingen	37.70	32.79	9.84	19.67	100.00	61
Én	34.87	44.10	14.87	6.15	100.00	195
To	43.14	37.29	13.38	6.19	100.00	598
Mer enn to	53.37	35.66	8.31	2.66	100.00	11,792
Total	52.52	35.85	8.66	2.97	100.00	12,646

Tabell 1.5

På denne tabellen kan vi sjå eit tydeleg skilje. Ungdom som rapporterer at familien har fleire enn to datamaskiner/nettbrett i heimen, har overvekt hjå dei som trivast best på skulen. Dei (få) som rapporterer at familien har verken datamaskin eller nettbrett i heimen, er dei som i størst grad mistrivast.

Spørsmål som omfattar kulturell kapital

Har dine foreldre/foresatte utdanning fra universitet eller høyskole?	Jeg trives på skolen				Total	Total
	Helt enig	Litt enig	Litt ueni	Helt ueni		
Nei, ingen av dem	46.89	37.79	10.66	4.67	100.00	2,440
Ja, den ene	51.68	36.92	8.46	2.94	100.00	4,255
Ja, begge	56.25	33.78	7.66	2.31	100.00	5,547
Total	52.79	35.67	8.54	3.00	100.00	12,242

Tabell 1.6

Tabellen ser på om det er samheng mellom foreldre sin utdanning, og ungdom sin trivsel i skulen. Resultatet syner at skiljet gjerne ikkje er så stort. Ungdom med foreldre som begge har høg utdanning, har overvekt på høg trivsel. Hjå dei som rapporterer at foreldra ikkje har høgare utdanning, ligg overvekta framleis på dei som har høg trivsel i skulen, men talet er noko mindre enn på dei som rapporterte

at begge hadde høgare utdanning, og vi ser at det aukar hjå dei som trivast dårlegast.

Hvor mange bøker tror du det er hjemme hos dere? NB! Én meter bøker tilsvarer om	Jeg trives på skolen				Total	Total
	Helt enig	Litt enig	Litt ueni	Helt ueni		
Ingen bøker	37.98	32.56	14.73	14.73	100.00	129
Mindre enn 20 bøker	45.26	38.59	11.58	4.58	100.00	1,244
20-100 bøker	52.13	35.79	8.92	3.16	100.00	4,272
100-500 bøker	53.98	36.22	7.78	2.03	100.00	4,539
500-1000 bøker	55.95	33.26	7.90	2.89	100.00	1,798
Mer enn 1000 bøker	52.29	35.86	8.53	3.32	100.00	633
Total	52.52	35.83	8.66	2.98	100.00	12,615

Tabell 1.7

I denne kryssinga ser vi på om trivsel i skulen har noko med mengd bøker i heimen. Resultatet syner at jo færre bøker ein har, jo mindre trivast ein på skulen. Vi ser òg at om ein har 20 eller 1000 bøker ikkje verke å spele ei så stor rolle, ettersom at det er omtrent like svar på desse. Dette syner at mengd bøker ikkje har noko å seie, så lenge ein har *nokre* bøker heime.

Drøfting av data

Kapitalformar i datamaterialet

Ettersom at den økonomiske kapitalen vert sett på som den viktigaste for å avgjere kor du står i samfunnshierarkiet, som igjen kan vere med å påverke unge sin trivsel i skulen, må ein sjå på kryssinga mellom trivsel i skulen og kor god råd familien har hatt dei siste to åra. Ved denne kryssinga kjem det fram at unge som i størst grad har opplevd at foreldra har hatt dårleg råd/økonomi heile tida, også er dei same som rapporterer at dei mistrivast mest på skulen. I motsett ende ser vi at dei som har hatt god råd heile tida, trivast mest på skulen. Dette er eit meir signifikant funn i forhold til dei to andre kapitalformane.

For å få innsikt i den sosioøkonomiske bakgrunnen til ungdommane, var det ikkje ein bestemt variabel som kunne kryssast. I staden ser vi på seks ulike faktorar, opp mot skuletrivsel som kan indikere den sosioøkonomiske kapitalen. Variablane som vart kryssa var; utdanningsnivå til foreldre, mengd datamaskin/nettbrett, biler og bøker i heimen, spørsmål om eige soverom samt kor mange gonger familien

har reist på ferie det siste året. Når ein samlar alle desse kan ein danne seg eit inntrykk av den sosioøkonomiske bakgrunnen. Hjø unge som mistrivast på skulen var det særleg på spørsmål om mengd datamaskin/nettbrett og bøker at ein såg størst skilnad i forhold til dei som trivest best på skulen.

For å sjå om den kulturelle kapitalen til foreldra spelte ei rolle på unge sin trivsel i skulen, førte eg kryssingar mellom trivsel i skulen, og om foreldra hadde utdanning frå universitet eller høgskule. Resultatet viste at dei som svarte at begge foreldra hadde høg utdanning, i størst grad svarte at dei trivast best på skulen. På motsett side viste det at unge som har foreldre utan ein slik utdanning, mistrivast på skulen i størst grad. Likevel, dersom ein ser på dei som svarte at dei mistrivast på skulen og at begge foreldra hadde høg utdanning ser ein at det ikkje var enorme skilje. Den kulturelle kapitalen til foreldra kan difor seiast å ha ein påverknad, men er ikkje hovudgrunnen til at unge mistrivast.

Sosioøkonomisk bakgrunn mot trivsel

Ved å ha sett på teoriane for sosioøkonomisk bakgrunn, samt tabellane kan vi få betre innsikt i korleis det faktisk spelar inn for ungdom sin trivsel på skulen. I Basil Bernstein sin teori, såg vi på korleis unge frå ulike sosiale klassar evna å uttrykke seg sjølve. Her ser vi at den sosiale bakgrunnen gjer utslag i prestasjon. Ettersom at det ikkje er ein variabel i Ungdata undersøkinga som omhandlar den *faktiske* prestasjonen i skulen, er det vanskeleg å sjå om det er ein samanheng der. Det kan likevel tenkjast at den sosiale bakgrunnen til foreldra påverkar korleis unge evnar å uttrykke seg sjølv, noko som kan vidare resultere i betre resultat på skulen. Ein ringverknad av å meistre skulen og oppgåvene som vert gjeven, kan vidare føre til følelse av trivsel. Dette kan knytast mot Erik Erikson sine psykososiale stadium, der ungdomstida i stor grad bygde på å kjenne på meistringsfølelse for å klare å utvikle identitet og bli trygg på den ein er. Dersom ein kjem frå ein familie med lågare sosial klasse, kan dette resultere i lågare evne i å uttrykke seg og prestere på skulen, som vidare fører til følelse av å ikkje meistre det som er forventa av ein kan ein utvikle rolleforvirring og verte usikker på seg sjølv noko som kan påverke trivsel på skulen.

Korleis forhindre mistrivsel i skule?

Som vi har sett, kan det trekkast parallellar mot mistrivsel i skule, med korleis ein presterer på skulen. Bakgrunn for kor godt ein presterer kan også vidare knytast til kva sosioøkonomiske bakgrunn ein har. Men for å forhindre at bakgrunnen til ungdommane skal spele ei så stor rolle for både resultat og trivsel i skule, er det ein siste teori som kan nyttast; Lev Vygotskji sin sosiokulturelle læringsteori. Denne teorien byggjer på at dersom skulen skal legge til rette for barn sin læring, må ein ta utgangspunkt i at barnet sjølv ynskjer å lære. Kjernetanken er at den som skal lære må gjere dette via dialog og samhandling med nokon som er meir kompetente; læraren. Læraren skal vere til hjelp, og kome med hint/antydningar for å løyse oppgåva. Dersom eleven ikkje meistarar å kome fram til svaret, skal ikkje læraren gi svaret, men kome med støtte til elevens eigne forklaringar. Dette vert kalla for stillas, og metaforen grunngjev at læraren skal hjelpe eleven med å kome seg vidare; byggje eit stillas. Ettersom eleven vert meir kompetent kan stillasa fjernast, og eleven står på eigne bein, har utvikla seg og kome til eit mål.

Korleis nytte seg av denne læringsteorien i praksis? Menneske er fødte sosiale vesen, og i eit klasserom er det dermed viktig å føle tilhørigheit og fellesskap. Det er ein samheng mellom *dersom ein trivast sosialt, lærar ein også betre*. Dersom elevane opplever aksept for den dei er, at alle er inkluderte, og læring i at ein sjølv og andre skal får lov til å vere seg sjølv, vil trivselen auke. Dette kan føre til at det sosiale vert meir behageleg, og fokuset vert ikkje i hovudsak lagt på det sosiale hjå eleven. I staden kan kvar enkelt elev i staden fokusere på det faglege og læringsutviklinga si.

Dermed vil det vere viktig å sjå kor den enkelte elev står og at ein veileidar eleven vidare gjennom kommunikasjon og dialog; stillasbygging. Elevane må jobbe på nivået dei er komen.

Vidare må ein legge fokus på å ha eit godt klassemiljø, og at alle føler seg velkomen og komfortabel med å kunne vere seg sjølv. I eit godt klassemiljø vil terskelen for å delta i undervisning også bli lågare. Gruppeoppgåver kan vere eit hjelpemiddel for at elevane skal kunne arbeide med kvarandre, men det vil då vere viktig å passe på at det ikkje er dei «sterkaste» elevane som gjer alt. Difor er det viktig at læraren kjenner elevane godt, slik at ein kan utdele oppgåver dei kan meistre.


Oppsummering og konklusjon

Vi har no sett på ei rekke ulike teoriar, og resultatane frå Ungdata undersøkinga. Den mest relevante teorien vert Pierre Bourdieu, og hans kapitalformar. Teorien hans byggjer på at individ i samfunnet kjempar om å få tilgang til ressursar; pengar, eigedom, prestisje, sosiale nettverk osv. Slike ressursar vil gje deg makt og fordelar som ein kan nytte seg av for å oppnå vidare gode. Dei som har flest ressursar vil vere øvst i samfunnshierarkiet og vidareføre sine ressursar til neste generasjon. Formålet med denne rapporten var å sjå om dette stemte. I datamaterialet har vi sett at det gjerne var dei som hadde best økonomi, flest bilar, fest feriar og liknande var dei som rapporterte om høgast trivsel på skulen. På den andre sida, var dei med lågast sosioøkonomisk kapital, dei som svarte at dei mistrivast på skulen. Vi kan dermed danne oss innblikk av at kapitalformane til Bourdieu spelar ei sentral rolle for om ein trivast på skulen eller ikkje.

For å få eit djupare innblikk såg vi på nokre teoriar til. I Basil Bernstein sin teori fekk vi innblikk i korleis den sosiale bakgrunnen vidare kunne påverke dei språklege ferdigheitene til barn og unge. I datasettet til Ungdata var det ikkje ein variabel om den faktiske presentasjonen til elevane, så ein må i staden tenkje seg fram til om den sosiale bakgrunnen vil påverke trivsel i skulen. Ved å sjå på teikning 1.1, ser vi korleis den sosiale bakgrunnen kan gje ringverknadar, som vidare syner korleis dette påverkar trivsel.

Ved å sjå på dei psykososiale stadia til Erik Erikson, fekk vi ei forståing for kvifor det er så viktig at ungdom trivast på skulen. Ungdomstida byggjer på meistringsfølelse, identitet og den ein er. Dette kan også knytast til teikning 1.1 ettersom at dersom ein kjem frå ein låg sosial klasse, vil ein ha ein lågare evne til å prestere, som vidare resulterer i at ein ikkje meistrar det forventa, som utspelar seg i rolleforvirring og usikkerheit. Samla sett vil denne opplevinga føre til mistrivsel i skulen.

Konklusjonen vil altså vere at det er samanheng mellom den sosioøkonomiske bakgrunnen til foreldre, og korleis ungdom trivast i skulen. Påverknaden skjer gjerne ikkje direkte, men i form av ringverknadar av å t.d. kome frå ein lågare sosial klasse. Dess betre kulturell, økonomisk og sosial kapital ein har, dess større er sannsynlegheita for at ein vil trivast.



Teikning 1.1: Teoretisk kopling mellom sosial bakgrunn og trivsel.

Merknadar

Ettersom at vi undersøker mistrivsel i skulen blant ungdom, er det eit par ting som vil verke viktig å huske på. Det eine er sjølve undersøkinga, og at dette er ei frivillig undersøking som dermed betyr at den ikkje er 100% dekkjande. Ettersom at vi undersøker trivsel i skulen, er det og stor sannsynlegheit for at dei som nettopp mistrivast på skulen, ikkje var til stades på tidspunktet undersøkinga fann sted. I tillegg kan enkelte av dei som har opplevd mistrivsel i skulen og har droppa ut i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule, ettersom at det då i større grad er eit val å gå på skulen. Dette resulterer i at vi ikkje har oversikt over dei ungdommane som eventuelt mistrivast så mykje i skulen at dei valde å droppe ut. Mange av dei som opplever/opplevde mistrivsel i skulen kan altså tenkast å ikkje vere til stede då undersøkinga vart teken, og får heller ikkje mogelegheit til å svare og grunngjeve fråfall. Dette medfører mørketal, og er viktig å ha i bakhovudet når ein held på med slik statistikk.

På enkelte av tabellane ser vi og at det ikkje alltid var så store skilje, eller høge tal på mistrivsel. Til tross for at det er få som svarar at dei mistrivast, skal ikkje desse verte gløymd grunna tala ikkje er «høge nok».

Litteraturliste:

https://snl.no/Pierre_Bourdieu

https://snl.no/Basil_Bernstein

https://en.wikipedia.org/wiki/Paul_Willis

https://no.wikipedia.org/wiki/Urie_Bronfenbrenner

https://snl.no/Erik_Erikson

Aagre, W. (2014). *Ungdomskunnskap : hverdagslivets kulturelle former* (2. utg., p. 210). Fagbokforl.

Aanesen, K. H. (2021). Bourdieu om kapitalformer og habitus. *Sosiologi og sosialantropologi*. <https://ndla.no/nb/subject:1:fb6ad516-0108-4059-acc3-3c5f13f49368/topic:1:f77c8919-a904-41b3-88a4-34281c13627c/topic:1:b5a3b203-17cc-41d5-95b0-64f44b8700fc/resource:aff36be6-c79d-41e0-927f-3903c7b21c15>

Gilman, R. and E. S. Huebner (2006). "Characteristics of Adolescents Who Report Very High Life Satisfaction." *Journal of Youth and Adolescence* 35(3): 293-301. (skoletrivsel)

Tjernshaugen, A., Tjora, A. (2019). *Sosioøkonomisk*. Store norske leksikon. Henta 15. november 2021 frå <http://snl.no/sosio%C3%B8konomisk>